



Referat

REFERAT

Opning og velkomen ved styreleiar

Det er viktig med oppmøte på landsmøte for å få tilbakemeldingar på arbeidet som er gjort og bør prioriterast vidare. Konstruktive tilbakemeldingar fører oss på rett veg framover i arbeidet for dalasauen. Sittande styre har samarbeidd godt og vore gjennom fleire viktige saker i arbeidsåret.

1. Val av møteleiar og referent

Andreas Vorland møteleiar, Eileen Aasheim referent

2. Namneopprop

22 oppmøtte, 17 med stemmerett.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent.

4. Val av 2 personar til å signere møteprotokollen

Jon Møretro og Ivar Hildal

5. Årsmelding 2024, vedlegg 1

Gjennomgang ved Eileen Aasheim, godkjent.

6. Rekneskap 2024, vedlegg 2.

Gjennomgang ved Trine Aasen. Tilskotet frå NSG (6400 kr) kom i etterkant, og derfor ikkje med i rekneskapen. Dette tilskotet vart først heilt tatt vekk, før det vart utbetalt halvt i forhold til tidlegare. Godkjent.

7. Budsjett 2025, vedlegg 3

Gjennomgang ved Trine Aasen. Oppnår me 75% medlemtilslutning i NSG får me 10 000kr frå NSG for arbeid med seminkandidatar og rasegodkjenning i tillegg til dei inntektene som er sett opp. Landsmøtet ynskjer å auke prisen på katalog til 250 kr for å i større grad svare til trykkerikostnaden. Budsjett vedteke med endring.

8. Honorar til leiar, kasserar, sekretær for inneværande år

Ingen endring i honorar til styret.

9. Val av leiar for eit år, valnemnda si innstilling vedlegg 4

Torbjørn Nordmark vald.

10. Val av styremedlemmar, valnemnda si innstilling vedlegg 4

Olav Tiller vald for 2 år

Trine Aasen vald for 2 år

11. Val av varamedlemmer for styret, valnemnda si innstilling vedlegg 4



Referat

1. vara Bjørn Thingstad vald for 1 år

2. vara Elin Skjellerud vald for 1 år

12. Val av valnemnd etter forslag frå Landsmøtet

Tjerand Nybø vald for 3 år

13. Val av 1 vara til valnemnda

Øyvind Madland vald for 1 år

14. Saker frå styret, vedlegg 5

- 1. Private kåringsnummer, godkjent med endring om at privat kåringsmerke berre skal nyttast på kåringslam.**
- 2. Vêrar til semin, alle vêrane som er vald ut er dyr med med svært god ull. Godkjent.**
- 3. Samarbeidsavtale med NSG. Kommentar frå Nils Tveite: «Svært viktig at avtalen vert følgt opp og at raselaget stiller krav til utføring i forhold til innhaldet i avtalen. Jon Møretrø: «Viktig at raselaget får gehør for innspel til rasestandard. Vidar Trengereid: «kva er alternativet? Avtalen er alfa og omega.» Olav Tiller: «viktig at avtalen sitt innhald vert følgt opp.»**

Samarbeidsavtalen vert inngått med NSG, einstemmig vedtatt.

4. Utstillingsreglement

Diskusjon til vektavvik, system for å kunne plukke ut dei beste dyra. Jon Møretrø stiller spørsmål til om det vert for mange poeng, at lamma no vert vekta mykje meir enn tidlegare, at det vert for komplisert/påmelding til klassen går yttarlegare. Vidar Trengereid viktig å få ut informasjon til medlemmane om viktigheita av å stille ut dyra. Einige om å prøve eit år og sjå korleis systemet slår ut.

Ta vekk krav om at ein skal ha 2 lam for å stille til utstilling.

Klassane for avkomstgransking utgår for å få ned bruken av einskild-dyr.

Jon Møretrø: kvifor kåringspoenga er utelatt/har vore viktig argument for å kåre lamma. Svar frå Olav Tiller kåringspoeng som lam ikkje nødvendigvis rettferdige mot korleis dyret utviklar seg til åra seinare.

Endre tekst: «Ekstra avdråttspoeng for kvart år sauven får 9 i avdrått til å ta med vidare.

Reglementet einstemmig godkjend med endringar nemnd over.

15. Utstillingsdagar hausten 2025:

Hidra		Toten	04.10.2025
Hægebostad		Engerdal	
Rogaland	18-20 september	Verdal	27.-28 september
Vestland	28.09.2025	Møre og Romsdal	20.- og 21 september
Selbu			

Raselaget for dalasau

Landsmøte 22.03.2025 Vestland



Referat

16. Landsmøte 2026: Oppland er neste på lista.

Oppland har sagt dei ynskjer å være arrangør.

17. Innkomne saker, vedlegg 6

1. Stemmerett på landsmøte. Forslag einstemmig vedtatt.

2. Ættepoeng utgår. Einstemmig vedtatt.

18. Eventuelt

Jon Møretrø: innlegg til ettertanke om sakspapira til møtet.

Torbjørn Nordmark: Viktig å kome med tilbakemeldingar på det arbeidet som vert gjort i styret.